

Referat Utdanningsutval FHS

Dato: 21.2.19, kl. 9:00 – 11.00 Skypemøte

Deltakerar: Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning), Toril Forbod (prodekan for utdanning NTNU), Johannes Haltbakk (fagseksjonsleder master i klinisk sjukepleie), Eli Bjøvad Eikefjord (fagseksjonsleder radiografi, Marianne Iren Vigdal (fagseksjonsleiar sosialt arbeid), Cecilie Thaule Løvlid (rådgiver adm), Hilde Kristin Tveit (senior rådgivar/sekretær adm.), Kristin Senneset (studieadministrativ leder), Johannes Menzel Knudsen (studentrepresentant bachelor, Studentrepresentant Master?)

Tilstades: Anne-Grethe Naustdal, Toril Forbod, Johannes Haltbakk, Marianne Iren Vigdal, Cecilie Thaule Løvlid, Kristin Senneset, Johannes Menzel Knudsen og Hilde Kristin Tveit

Fråverande: Eli Bjøvad Eikefjord


Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste	Referat 6.november	Studentrepresentant for bachelor ønskes velkommen Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt. Kommenterar	Prodekan	5 min
<p>Referat: Prodelkan ønsket spesielt studentrepresentant for bachelorstudentane, Johannes Menzel Knudsen frå campus Sogndal velkomen til utvalet. Han fekk presentere seg og fekk kjennskap til dei andre i utvalet. Innkalling og sakliste blei godkjent. Det kom ein kommentar på at eit saksvedlegg som skulle ettersendast under sak 6. orienteringar, ikkje blei ettersendt. Vedlegget vert presentert i møtet under sak 6.</p>				
2/19 Studieprogramråd ved FHS	Vedlegg: Mandat og årshjul Studieprogramråd ved FHS	Utdanningsutvalet orienterast om etablering av Studieprogramråd i fakultetet og bes kome med innspel på måten fakultetet har organisert råda på.	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	20 min

	<p>Referat frå Studieprogramråd bachelor i sjukepleie Bergen</p>  <p>Innkalling og referat Studieprogr</p>	<p>Er det andre saker Studieprogramråda bør behandle?</p>		
<p>Referat:</p> <p>Prodekan orienterte om at det er oppretta 21 studieprogramråd i fakultetet. Vidare blei utvalet orientert om korleis arbeidet er organisert i fakultetet og at innan 15 mars bør alle studieprogramråd hatt sitt fyrste møte. Årsaka er at NOKUT kjem på besøk 1. og 2. april og då bør tilsette og studentar kjenne til det nye rammeverket og kva funksjon Studieprogramråd har og kva for type saker utvalet skal arbeida med. Samarbeidsplattform som nyttast er Teams. Alle studieprogramråda er organisert under sine institutt i Teams. Måler er å dela kunnskap og relevante dokument i arbeidet med dei ulike sakane som skal diskuterast i rådet, som til dømes Val av oppfølgingsform for studieprogrammet. I morgon skal det gjennomførast Skypemøte med dei administrative tilsette for å gå gjennom kva som er forventa av studierettleiarane og rådgjevarane og korleis dei skal følge opp dette råda på mest måte.</p> <p>Kommentarar frå Utdanningsutvalet om måten fakultetet har organisert Studieprogramråda på:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Korleis skal fakultetet fange opp heilheta og det overordna frå råda når det er so mange Studieprogramråd? Prodekan tok imot innspelet og tykkjer at fakultetet må etablere eit system som kan følge Studieprogramråda og følge med på kva som rør seg i alle råda. • Ekstern representant delte si erfaring med å ha ein fagtilsett frå ei annan utdanning med i Studieprogramråd. Ho meiner dei får fleire innspel og perspektiv på kvalitetsearbeidet og nyttige innspel til utvikling av studieprogramma når dei har med ein tilsett frå eit anna fagmiljø. Innspelet noterast som aktuelt å følge opp i fakultetet • Kan ein og nytta ein brukarrepresentant i råda? Ja- det er opp til Studieprogramråda sjølv å vurdere kven som skal vere ekstern(e) representant(er). 				
<p>3/19 Implementering av nytt rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane</p>	<p>Vedlegg: Kvalitetshåndbok Oppfølging i fakultetet</p>	<p>Utdanningsutvalet orienterast om korleis fakultetet følger opp arbeidet og inviterast til å kome med innspel til oppfølging.</p>	<p>Prodekan innleiar og inviterar til innspel på oppfølging i fakultetet</p>	<p>30 min</p>
<p>Referat:</p> <p>Prodekan innleia og orienterte om kvalitetshåndboka og kva type informasjon som ligg der. Studieprogramråda er sentral i arbeidet med korleis utdanningane følger opp og dokumenterar kvalitetsarbeidet sitt. Det er viktig at fagseksjonsleiarane nyttar tilsette i studieadministrasjonen til å bistå med å gjere rammeverket kjend for dei tilsette og studentar. Fagseksjonsleiarane har ei sentral rolle i å informere nye og gamle studentar om det nye rammeverket. Fakultetet bør utarbeide ein plan på korleis dette kan gjerast til studiestart 2019.</p> <p>Det er mykje nye omgrep som det er lurt å få diskutert i dei ulike utdanningane – spesielt det som er knytt til emneevaluering, dokumentasjon og tilbakemelding til studentane. Det nye rammeverket var tema på fakultetets personalsamling 14. og 15. februar.</p>				

Programevaluering for bachelorutdanningane vil ikkje bli planlagt med det fyrste. Fakultetet sine samordnings- og utviklingsprosjekta som er i gong for alle bachelorutanningane, er i arbeidsomfang og innhald mykje det same som ei periodisk evaluering. NTNU har gjort tilsvarande, og kjører ikkje periodiske evalueringar i denne fasen med store omleggingar. Fakultetet vil sjå om ei av våre kortare vidareutdanningar kan vere pilot for periodisk evaluering.

Kommentarar frå Utdaningsutvalet:

- Tilbakemelding til studentane er spesielt sentralt og studentrepresentanten var nøgd med at det er tydelig i det nye rammeverket
- Det bør vera meir fokus på og betre rutinar for å melda uønska hendingar og seksuell trakassering. Systemet vi har no - *Sei i frå* er ikkje nok. Høgskulen bør og ha rutinar for å stille slike spørsmål til studentane sine gjennom f.eks emneevaluering. Saka meldast vidare til kvalitet@hvl.no
- Fakultetet og høgskulen må setje av midlar til å utføre periodisk evalueringar. Prodekan vil melde dette tilbake til Utdanningsutvalet sentralt, slik at det kjem med i rutina/årshjul. Det må settast av ein fast pott til periodisk evaluering iom at dette vert kostnadskrevjande.
- I arbeidet med periodisk evaluering kom det innspel om at det kan vere ein fordel å sjå på samarbeid nasjonalt kring periodiske evalueringar. Kan det vera ein nasjonal samansett gruppe som kan arbeida med å gjere dette på eit studieprogram på nasjonalt nivå samstundes? Då kan ein få dra nytte av kvarandre si erfaring og kompetanse. Prodekan og Forbod vil melde dette vidare som sak til Universitets og høgskolerådet (UHR), der dei begge er medlem.

4/19 Studiebarometeret 2018	Vedlegg:  Fakultetsrapport 2018.pdf Informasjon om oppfølging	Gjennomgang av resultatet på fakultetet og korleis fagseksjonsleiarane er bedt om å følge opp saka i sine studieprogram. Utdanningsutvalet bes om å kome med innspel til om det er andre moment som bør følgjast opp.	Prodekan innleiar til diskusjon	30 min
------------------------------------	--	--	---------------------------------	--------

Referat:

Utvalet fekk ein gjennomgåing av resultatata på fakultet og kva spørsmåla som skårar høgast og lågast i undersøkinga. Fagseksjonleiarane har og fått tilsendt kommentarar frå studentane i fritext. Det gjev og nyttig informasjon, sjølv om det er få kommentarar.

Område som fekk lav skår er som tidlegare: medverknad, tilbakemeldingar frå fagleg tilsette på skriftleg arbeid før endeleg innlevering, rettleiing, den administrative tilrettelegginga av studieprogrammet (timeplan, studieplan, etc.) og studentane sine innspel vert følgt opp av institusjonen.

Det har vore nokre utfordringar knytta til timeplanlegginga og til korleis obligatorisk undervisning er markert i timeplanane.



Prodekan er allereie i dialog med Arealforvaltning for å få god dialog med dei i arbeidet med timeplanlegging. Ho og dekan har og hatt møte med student - tillitsvalgte på alle campus der dei diskuterte obligatorisk undervisning. Dette blir også følgt opp i revidering av HVL si forskrift om studium og eksamen.

Det er også håp om at innføringa av sensorrettleiing vil gje studentane meir av den tilbakemeldinga dei etterlyser og at dette kan gje utslag positivt for Studiebarometeret 2019.

Prodekan foreslår at HVL kan tilby spissa kurs i høgskulepedagogikk tilsette: Korleis gje god tilbakemelding til studentar på skriftlege arbeid? Dette fekk god støtte i Utdanningsutvalet

Kommentarar frå Utdanningsutvalet kring andre moment som bør følgjast opp:



- Fakultetet bør vera nøgd med resultatet. Sett i lys av at høgskulen nyleg er fusjonert, så er årets studiebarometer eit godt resultat.
- For å sjå nærare på resultat må ein gå inn å sjå på dei enkelte studieprogramma
- Fakultetet si plan for korleis Studiebarometeret skal følgjast opp i fagmiljøa tykkjer Utdanningsutvalet er god og kan og nyttast av andre høgskular. Utfordringa er at det må følgjast opp nedover i organisasjonen.
- Studentrepresentanten (fyrste studieår) har ikkje hørt om Studiebarometeret. Informasjon ut til studentane (ikkje berre i 2 studieår) om Studiebarometeret bør følgjast betre opp neste år.

<p>5/19 Rapportering av midlar til auka gjennomstrømming</p>	 <p>Rapportering midlar for auka gjen</p>  <p>Rapport gjennomstrøymings</p>	<p>Overordna resultat frå Studiebarometeret 2018 syner at overgangen frå vidaregåande skule til høgare utdanning er utfordrande. Det er difor all grunn til å rette merksemd på førstesemester studenten ved FHS.</p> <p>Vi ynskjer å høyre UU si vurdering av dei to instituttrapportane som er vedlagt (Institutt for velferd og deltaking gjennomfører tiltaka no i vår). Kva seier desse rapportane oss?</p> <p>Utvalet bes om å kome med innspel til kva tiltak som bør vidareførast.</p>	<p>Prodekan innleiar</p>	<p>20 min</p>
---	---	--	--------------------------	---------------

Referat:

- Ikkje alle medlemmane hadde fått opna vedlegga. Dokumenta sendast ut på nytt og vil bli sett opp som sak på neste møte.

Spørsmål som kom til denne saka er om tiltaka blir evaluert? Dette tar ein med vidare til neste møte.

<p>6/19 Orienteringssaker</p>	<p>Vedlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oversikt EpN (kjem) • Kandidatundersøkinga  <p>Felles innføringsemne HVI</p> <ul style="list-style-type: none"> •  TPS i nye studieplaner-Rappo 	<ul style="list-style-type: none"> • Status - revidering av studieplan og emneplanar. Oversikt EpN • Kandidat undersøkinga • Fellesemne bachelorutdanningane HVL • Status Utvikling og samkjøring av bachelorutdanningane - TPS i nye studieplanar - rapport • Status Utvikling og samkjøring av master- og vidareutdanningar • Phd. Søknad akkredittert av NOKUT 	<p>Orientering og innspel til andre saker vi må sette på dagsorden</p> <p>Prodekan innleiar</p>	<p>20 min</p>
--------------------------------------	---	---	---	---------------

<p>Referat:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Status for arbeidet med revidering av emneplaner på nett (EpN) ble presentert. Fakultetet har pr. 21.2.19 totalt 447 emne. 169 emne er godkjent av fagseksjonsleiar, 141 emne ventar på FS klarering og 96 emne venter på godkjenning. Dei siste dagane vil dei resterande emna følgjast opp av studieadministrasjonen. Målet er å få alle emna godkjent i EpN innan 1. mars. Fakultetet reknar med å klare dette. • Kandidatundersøkinga ble kort presentert. • Fellesemne HVL - Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide eit 5 sp innføringsemne for heile HVL. Fakultetet skal utvikle dei resterande 2,5 studiepoenga sjølv, slik at fellesemne totalt vert 7,5 sp. FHS har meldt seg som pilot for innføring og reknar med å få strategiske midlar til dette. 7,5 sp emne skal då inn i dei nye studieplanane for bachelorutdanningane frå og med hausten 2020. Det hastar med å få dette utviklingsarbeidet kring emnebeskriving i gong. • Dei tre prosjekta: Samordning og utvikling av bachelorutdanningane, har god progresjon og arbeidet er i tråd med planane for framdrift. • Fakultetet jobbar med ei overordna plan for master og vidareutdanningane. Planen diskuterast med fagseksjonsleiarane/senterleiar på utvida leiarsamling 14.mars. Oppstart av arbeidet er satt til 1. mai. Utdanningsutvalet følger med i dette arbeidet. • PHD Helse, funksjon og deltaking er godkjent av NOKUT. No kan studentane i fakultetet ta utdanning frå bachelor til phd. Det er og mogleg for studentane å velje Phd Responsible Innovasjon and regional Development. HVL er slik på god veg på mot målet om universitetsstatus i 2023. • 				
<p>7/18 Eventuelt</p>		<p>Neste møte 20. mai med følgjande saker:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rapportering av midlar til auka gjennomstrømming • Oppfølging Studiebarometeret 2018 • Status frå møte i studieprogramråd om bl.a val av oppfølgingsform i studieprogramma • Diskutera korleis saka, Vurdering av gjennomstrømming , karakterfordeling og kandidatproduksjon bør handterast i studieprogramråda 		<p>5 min</p>
<p>Referat: Neste møte blir på Skype 20.mai Studieplanveileder – bør HVL utarbeide noko tilsvarande som NTNU har kring arbeid med studie- og emneplanar? Saka løftast opp til Utdanningsutvalet sentralt.</p>				